

ÅRSMELDING SKIGRUPPA 1976.

Styret for 1976: Öyvind Litland, formann, Karstein Borge
Öyvind Åsheim.

Deltaking i norske meisterskap: Vinjar Borge deltok på
15 km og 30 km der han
vart plasert som nr 64
på 15km og nr 80 på 30km.

Deltaking i Vestlandsmeisterskapet: 3 deltakarar på 15km
og eit stafettlag.

Deltaking i Hollmenkollen: Vinjar Borge på 15km og
50 km. På 15 km plasserte
han seg som nr 81, men på
50km braut han.

Deltaking i kretsmeisterskap: 7 deltakarar i senior og
junior. Vinjar Borge vart
kretsmeister både på 15
og 30km. Meisterskapet på
15 km er det første i laget
si historie. Arthur Brandsdal
vart nr 3 på 15km og nr 2 på
30 km i klasse D.
Kjersti Rongved vart nr2
i klasse jenter 14 år.

I stafett vart laget nr4
(nr 3 i klasse B) Deltakarar
var Karl J Reigstad, Vinjar
Borge og Arthur Brandsdal.

Deltaking i andre krins og områderenn: 23 renn

Deltaking i mindre renn. 5 renn

Sum deltaking: 37 renn (1975 22 renn)

Det har i år vore svært stor interesse for treningsrenna
i lysløypa, med opp til 70-80 deltakarar.

Tilskipingar: Krinsrennet vart i år arrangert på Rolland
31/1-1/2 under førsteklases forhold. Styret vil gje ros
til løypemannskap og tidtakargjengen for godt utført arbeid
desse to dagane.

Frå laget vårt vart desse Osterøymeistarar: Marta Rongved
Frøydis Mjelde, Frode Langhelle, Arne Reigstad, Björn Mjelde,
Geir Atle Mjelde, Odd Helge Hatland, Roald Vatile, Kjersti
Rongved, Rita Hatland, Vinjar Borge, Audun Småland, Leiv
Mjelde, Karstein Borge og Jon Audun Vevle.

Rankingliste for senior og junior:

1. Vinjar Borge	80 p - 8	renn
2. Magnus Mjelde	74 p - 8	"
3. Leiv Mjelde	69 p - 8	"
4. Karl Johan Reigstad	62 p - 8	"
5. Arthur Brandsdal	39 p - 5	"
6. Audun Småland	38 p - 6	"
7. Karstein Borge	37 p - 7	"
8. Kjetil Loftås	18 p - 3	"
9. Roald Vatile	11 p - 3	"
10. Helge Reigstad	5 p - 1	"
11. Odd Helge Hatland	4 p - 1	"
11. Jon Audun Vevle	4 p - 2	"

Ökonomien er som ~~væ~~ vanleg dårlig. Dette på grunn av store
utbetalingar vedr. lysløypa, som skigruppa delvis har
forskotert av sin eigen kasse.

Me har for tida tre kvinneklubbar som er i ~~sving~~ arbeid
med gevinstar til ein marknad som me har tenkt å arrangera
kvart år om hausten.

Som tidligare år er det fellestrening om søndagsföremiddag
frå Audestad/Grönskaret, med god deltaking. (men-det er
diverre altfor mange i laget vårt som likar best å liggja
under dyna på denne tida av söndagen).

Innandörstreninga i Haus vert leda av Bjarne Langhelle,
Karstein Borge og Magnus Mjelde.

Skisamlingar: Vinjar Borge deltok på ei områdesamling i
Hallingdal. Geir Atle Mjelde, Björn Mjelde, Rolf Skaftun
og Arild Skaftun var i Jondal. Karl Johan Reigstad,
Bjarne Langhelle var i Mörkdalen, likeeins Odd Helge Hatland.
Alle desse samlingane var på snö.

Satsinga blant löparane ser lovande ut for komande sesong.
Vinjar Borge er for tida på Elverum der han har gode
treningsforhold, og er i god rute. Han vil gå for
"moderklubben" i renna austpå.

Lyslöypa har vorte ein samlingsplass for skiglade
Ostringar. Oppslutningen har vore gledeleg stor av
aktive og trimmarar. Skigruppa har planar om å skaffa
ein snöscoter. Dette for å kunna halda eit beändre preparert
spor i lyslöypa, likeeins kan det då lagast gode trening-
spor rundt i dei forskjellige bygder.

Ellers ivonar skigruppa at lyslöypa vert minst like mykje
brukt i komande sesong som i fjor.

Styret takkar for året som er gått, og ynskjer vel mött
til nye nappetak i löypa.

Haus 28/11-76

Karstein Borge

Öyvind Åsheim

Öyvind Litland